



## **Vil du vera med å byggja kristent fellesskap i Fusa? Trivst du blant barn og unge?**

Vi har ledig stilling som kyrkjelydsarbeidar, med fokus på fellesskapsbyggjande arbeid.

Stillinga er ei prosjektstilling for eit år med mogleg forlenging/fast tilsetjing. Oppstart etter avtale. Stillingsstorleik: 100% (lågare stillingsprosent dersom ynskjeleg)

Bli ein del av ein aktiv landsens kyrkjelyd, som ønskjer, saman med mange frivillige medarbeidarar, å bygge fellesskap i Fusa sokn.

Fusa sokn er eit av to sokn i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Fusa sokn er geografisk likt tidl. Fusa kommune og har eit arbeid i 5 kyrkjer i tillegg til Eikelandsosen bedehus.

Arbeidsfellesskapet lokalt består av prest, kantor, konsulent, dagleg leiar, kyrkjetenarar, kyrkjelydspedagog samt dagleg leiar i frivilligentral og held kontor på Fjord'n Senter i Eikelandsosen.

Kyrkjelydsarbeidaren vil ha ansvar for fellesskapsbyggjande kristne aktivitetar for barn, unge og familiar. Dette inneholder både breiddearbeid som t.d. tweensklubb og djupneabeid som t.d. undervisning og gudsteneste. Det vert arbeidsdeling med kyrkjelydspedagogen, prest og andre i staben. Ein må rekne med ein del kvelds- og helgearbeid.

Vi ønskjer søkerar som:

- har relevant høgskuleutdanning, men andre kan også søke.
- trivst med barn, ungdom og familiearbeid.
- vil formidle kristen tru og evangeliet om Jesus.
- har gode samarbeidsevner og likar å jobbe i team.
- jobbar sjølvstendig og tar ansvar for eigne oppgåver.
- er kreativ og har evne til nytenking.
- disponerer bil.

Personlege eigenskapar blir tillagt stor vekt.

### Særskilte krav

- Medlemskap i Den norske kyrkja
- Politiattest jfr. Trussamfunnslova §20

### Vi tilbyr

- Engasjerte og fagleg dyktige kollegaer
- Fleksibel arbeidstid
- Løn etter avtaleverket i kyrkjeleg sektor
- Gode pensjonsordningar med medlemskap i KLP

Ta gjerne kontakt med dagleg leiar i Fusa sokn Hans Einar Markus [tlf. 95936580] eller sokneprest Einar Ekerhovd [tlf. 91382964] for meir informasjon.

Søknad med CV sendast [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no) Søknadsfrist: 31. mars 2023.